



Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hugo Morken, 5557 2117

Lovlegkontroll – formannskapet sitt vedtak i sak 56/2025 og etterfølgjande administrativ sakshandsaming

Vi viser til Samnanger kommune si oversending av krav om lovlegkontroll til Statsforvaltaren den 23.04.2026.

Vedtak

Statsforvaltaren avviser kravet om lovlegkontroll.

Saka si bakgrunn

Samnanger formannskap innvilga i møte 02.10.2025 (sak 56/2025) Lerøy Vest AS dispensasjon frå plankravet i punkt 37.7 i føresegnene til kommunedelplan for akvakultur i sjø 2021-2031, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Statsforvaltaren i Vestland klaga 29.10.2025 på formannskapet sitt vedtak. På bakgrunn av klagen frå Statsforvaltaren avgjorde administrasjonen i kommunen 13.11.2025 at det skulle gjevast utsett iverksetting av vedtaket. Dette innebar at vedtaket ikkje kunne iverksetjast før klagesaka var ferdigbehandla. Det vart i perioden november 2025 – januar 2026 halde eit møte mellom kommunen, Lerøy Vest AS og Statsforvaltaren om saka. I tillegg var det i denne perioden diverse skriftleg korrespondanse, samtalar m.m. mellom kommunen, Lerøy Vest AS og Statsforvaltaren i samband med førebuing av klagesaka. Statsforvaltaren trekte 26.01.2026 klagen sin på vedtaket til formannskapet.

Kommunestyrerepresentantane Kenneth Holdhus, Knut Harald Frøland og Gunn Totland Moss har 17.02.2026 sett fram krav om lovlegkontroll «*av formannskapet sitt vedtak i sak 56/2025 Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for akvakultur - Lerøy Vest AS og den etterfølgjande administrative sakshandsaminga som danna grunnlaget for at Statsforvaltaren trekte si motsegn den 26.01.2026*».

Samnanger formannskap behandla kravet i møte 16.04.2026. Det vart gjort følgjande vedtak:

- «1. Kravet om lovlegkontroll vert oversendt til Statsforvaltaren i Vestland.
2. Formannskapet si vurdering er at kravet om lovlegkontroll må avvisast, på følgjande grunnlag:



- a. Kravet om lovlegkontroll av formannskapet sitt vedtak i sak 56/2025 vart fremma etter fristen på tre veker frå vedtaket vart gjort, jf. reglar i kommunelova § 27-1.*
- b. Den delen av kravet som gjeld den etterfølgjande administrative sakshandsaminga, fell utanfor ordninga med lovlegkontroll, jf. reglar i kommunelova § 27-2 om kva som kan lovlegkontrollerast.»*

Kravet er etter dette sendt til Statsforvaltaren for behandling, jf. kommunelova § 27-1 første ledd siste punktum.

Om lovlegkontroll

Etter kommunelova § 27-1 første ledd kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman setje fram krav om at departementet skal kontrollere om eit kommunalt vedtak er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker etter at vedtaket vart gjort. Ei nærmare avgrensing av kva for kommunale vedtak som kan lovlegkontrollerast er gitt i kommunelova § 27-2.

For kommunale vedtak er statsforvaltarane delegert avgjerdsrett, jf. forskrift 30.08.2019 nr. 1096 om delegering av myndighet etter kommuneloven, pkt. IX. Nærmare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rettleiar H-2299 av 21.10.2013.¹

Statsforvaltaren si vurdering

Vi fastslår innleiingsvis at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som har rett til å krevje lovlegkontroll.

Habilitet

Kravsstillarane har stilt spørsmål ved om Statsforvaltaren er inhabil til å behandle kravet om lovlegkontroll.

Reglane om habilitet går fram av forvaltningslova § 6. Føresegna lyder som følgjer:

«§ 6 (habilitetskrav).

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

a) når han selv er part i saken;

b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;

c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;

d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;

e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for, et selskap som er part i saken og ikke helt ut eies av stat eller kommune, et samvirke-foretak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-om-lovlighetskontroll-etter-kom/id742405/>



eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenstemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.»

Vi peiker på at reglane om habilitet i forvaltningslova rettar seg mot dei tenestemenn som skal «tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak». Reglane rettar seg såleis mot fysiske personar, og ikkje mot Statsforvaltaren i Vestland som embete som sådan. Spørsmålet er derfor om dei personane som skal behandle kravet om lovlegkontroll er inhabile, under dette om det ligg føre inhabilitet som følgje av at overordna tenestemann er inhabil, jf. tredje ledd i føresegna.

Som grunnlag for å stille spørsmål ved om Statsforvaltaren sin habilitet er det i kravet om lovlegkontroll gjort gjeldande følgjande:

«Vi krev at Statsforvaltaren i Vestland melder seg ugild til å handsame dette kravet om lovlegkontroll. Statsforvaltaren i Vestland har sjølv delteke i det omstridde møtet 11.11.2025 saman med kommuneleiinga og tiltakshavar (Kjelde: Notat 2025/1091-28). Vidare har embetet trekt klagen «under tvil» (Brev 26.01.2026) basert på den kritiserte prosessen. For å sikre tilliten til forvaltninga og ei uavhengig prøving av habilitetsspørsmålet i pkt. 1, er det tvingande nødvendig at saka vert oversendt setje statsforvaltar i eit anna embete.»

Det ligg ikkje føre omstende som medfører automatisk inhabilitet etter forvaltningslova § 6 første ledd.

Problemstillinga vert derfor om det ligg føre «særegne forhold ... som er egnet til å svekke tilliten til» at saka vil bli førebudd på ein upartisk måte, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

Vi peiker på at det er ein annan seksjon hjå Statsforvaltaren (Justis- og byggesaksseksjonen), og andre tilsette enn dei som vurderte formannskapet sitt dispensasjonsvedtak, som vil vurdere kravet om lovlegkontroll. Vi opplyser vidare at verken statsforvaltar Liv Signe Navarsete eller assisterande statsforvaltar Gunnar O. Hæreid deltok i møtet 11.11.2025. Heller ikkje kommunaldirektør Synnøve Stalheim eller seksjonsleiar ved Justis- og byggesaksseksjonen deltok. Frå Statsforvaltaren si side var det den dåverande fungerande seksjonsleiar ved planseksjonen og ein spesialrådgjevar i staben som deltok. Det er også dei som har underteikna brevet 26.01.2026 der Statsforvaltaren trekte klagen sin. Saka vart heller ikkje internt drøfta med embetsleiinga før avgjerda om å trekke klagen vart gjort. Saka vart utelukkande behandla i fagseksjonen, med bistand frå ein spesialrådgjevar i staben som mellom anna har oppgåver knytt til plansaker. Ingen av dei sakshandsamarane som behandlar kravet om lovlegkontroll har vore involvert i Statsforvaltaren si avgjerd om å trekke klagen på formannskapet sitt vedtak i sak 56//2026.

Vi vil også peike på at det er ein del av systemet at Statsforvaltaren er tillagt ulike oppgåver etter ulike lover. Statsforvaltaren kan såleis bli involvert i eit sakskompleks fleire gonger utan at



sakshandsamarane vert inhabile av den grunn. Det må ligge føre «*særegne forhold*» for at inhabilitet skal oppstå.

Samla sett kan ikkje Statsforvaltaren etter ei vurdering av opplysningane som ligg føre, under dette dei merknadane som er gjort gjeldande i kravet om lovlegkontroll, sjå at det i denne saka ligg føre «*særegne forhold*» som er eigna til å svekke tilliten til upartiskheita til nokre av dei involverte sakshandsamarane eller overordna ved statsforvaltarembetet til å vurdere kravet om lovlegkontroll, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Vi finn derfor ikkje at det ligg føre inhabilitet.

Er vilkåra for å fremje krav om lovlegkontroll stetta?

Det første spørsmålet saka reiser er om vilkåra for å sette fram kravet om lovlegkontroll er stetta. Dette er ei innleiande prøving av prosessuell karakter, og ikkje ei prøving av den realitetsavgjerda som formannskapet gjorde i møtet 02.10.2025 i sak 56/2025. Dersom dei prosessuelle vilkåra for å fremje eit krav om lovlegkontroll ikkje er stetta må kravet avvistast.

Er vilkåra for å fremje krav om lovlegkontroll av formannskapet sitt vedtak i sak 56/2025 stetta?

Etter kommunelova § 27-1 første ledd andre punktum må eit krav om lovlegkontroll etter føresegna fremjast innan tre veker frå vedtaket vart gjort. Fristreglane i forvaltningslova § 30 gjeld. Reglane i forvaltningslova § 31 om høve til å gje oppreisning for oversitting av klagefrist gjeld likevel ikkje. Klagefristen er såleis absolutt, og skal reknast frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

Formannskapet sitt vedtak i sak 56/2025 vart gjort i møte 02.10.2025. Kravet om lovlegkontroll vart sett fram den 17.02.2026. Kravet er med dette ikkje sett fram innan fristen, og må derfor avvistast.

Er vilkåra for å fremje krav om lovlegkontroll av den etterfølgjande administrative sakshandsaminga stetta?

Etter kommunelova § 27-1 første ledd første punktum er det «*vedtak*» som kan krevjast lovlegkontrollert. I § 27-2 første ledd bokstav a er det vidare presisert at det som hovudregel er «*endelige vedtak*» som kan lovlegkontrollerast. I tillegg kan det krevjast lovlegkontroll av slike prosessleiane avgjerder som er nemnd i bokstavane b (vedtak om eit møte skal haldast for opne eller lukka dører) og c (vedtak som gjeld spørsmål om inhabilitet).

Som «*endelige vedtak*» vert rekna dei endelege realitetsavgjerder som avsluttar behandlinga av ei sak. Av dette går det fram at det ikkje kan krevjast lovlegkontroll av den kommunale sakshandsaminga i seg sjølv.

Kravet om lovlegkontroll av «*den etterfølgjande administrative sakshandsaminga som danna grunnlaget for at Statsforvaltaren trekte si motsegn den 26.01.2026*» må derfor avvistast.

Oppsummering

Statsforvaltaren finn ikkje at kravet om lovlegkontroll i denne saka stettar vilkåra for lovlegkontroll. Kravet vert derfor avvist.

Det er ikkje klagerett på denne avgjerda.

Vi ber Samnanger kommune orientere kravstillarane om dette vedtaket.



Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl
fung. seksjonsleiar

Hugo Morken
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent